

Årsmelding – oppvekstsektoren 2023



Årsmelding Sando barnehage

Avdeling

Sando barnehage

Ansvarsområde: 2025

Sektor: Oppvekst

Rekneskap – avdelinga

Noko meirforbruk på løn. Dette skyldast 3 mellombelse stillingar + ein frå vikarpool som blei tilsett grunna utvida barnegrupper på begge avdelingar. Meir foreldreinnbetaling enn budsjettert. Dette kjem av utvida barnegruppe på begge avdelingar.

Punkt 13 er fast vikarressurs/møteressurs/tidleg innsats

H grp ansvar - Ansvar - Teneste - H arts - Art ...	Rekneska...	Budsjett 2...	Budsjett i...	Avvik%	Avvik i NOK	Regnskap ...
ALLE	5 924 303	4 962 000	5 138 000	115,30	-786 303	4 647 573
2 Oppvekst (2)	5 924 303	4 962 000	5 138 000	115,30	-786 303	4 647 573
2025 Sando kommunale barnehage	5 924 303	4 962 000	5 138 000	115,30	-786 303	4 647 573
2011 Barnehagetilbod	5 926 703	4 962 000	5 138 000	115,35	-788 703	4 640 973
> 10 Løn inkl sosiale utgifter	6 694 091	5 856 000	6 032 000	110,98	-662 091	5 801 540
> 11 Kjøp av varer og tenester som inngår i k	195 016	126 000	126 000	154,77	-69 016	137 837
> 13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter k	141 810	0	0	0,00	-141 810	0
> 14 Overføringer	35 860	25 000	25 000	143,44	-10 860	26 349
> 15 Finansutg	59 044	0	0	0,00	-59 044	0
> 16 Salgsinnt	-1 140 987	-1 020 000	-1 020 000	111,86	120 987	-1 163 526
> 17 Refusjoner	-58 131	-25 000	-25 000	232,52	33 131	-159 244
> 19 Finansinnt	0	0	0	0,00	0	-1 984
> 2211 Drift av barnehageanlegg	-2 400	0	0	0,00	2 400	6 600

Fråvær på avdelinga

Sjukefråvær i Sando barnehage var på 5,12 % i 2023. Det er ein nedgang på 4,48% frå året før.

Statistikk

Utvida barnegruppe på begge avdelingar. Fram til juli 2023 hadde me inne morsmålassistent på ein gut frå Ukraina.

Tenesteproduksjon

- Endring frå tidlegare – politiske vedtak. Ingen endring.
- Endring frå tidlegare – nasjonale føringar. Ingen endring.
- Endring frå tidlegare – Utvida avdelingar.

Året som gjekk

- Spesielle merkedagar. Sando barnehage vart 10 år i august 2023.
- Spesielle hendingar.
- Den gode historia. Me har jobba godt med arbeidsmiljøet i 2023. Det kan sjåast i samheng med at sjukefråværet har gått ned 4,48 %

Årsmelding Skattebøl barnehage

Avdeling

Skattebøl barnehage

Ansvarsområde: 2025

Resultatansvarleg: Grete Toril Hagen

Sektor: Oppvekst

Rekneskap

H arts	R 2023	B 2023 inkludert endringar	Avvik %	Avvik i NOK
10 Lønn inkludert sosiale utgifter	6 102 759	5 375 000	113,54	- 727 759

11 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon	194 403	106 000	183,40	- 88 403
14 Overføringer	35 621	20 000	178,11	- 15 621
16 Salsinntekter	- 897 564	- 733 000	122,45	164 565
17 Refusjonar	- 35 621	- 20 000	178,11	14 621
Totalt	5 399 598	4 748 000	113,72	- 651 598

Kommentarar til rekneskapen 2023

Rekneskapen for 2023 har eit meirforbruk på 13,7 % av det budsjetterte. Det er fyrst og fremst lønsutgiftene som er grunnen til meirforbruket; det gjeld fastløn (- kr. 431.958,-) og løn til vikar ved ferieavvikling (- kr 116.975,-). Fastløn blir styrt av generell lønsutvikling, og samtidig er det viktig å vite at me har ei personalgruppe med høg ansiennitet, og dermed blir lønskostnadane høgare.

I 2023 har me fornya ein del av barnehagens digitale utstyr (blant anna nye PCar til personalet), og har eit forbruk på 193% på den arten. Me har også kjøpt nye mobiltelefonar til avdelingane.

Me merker veldig godt at matprisane har hatt ei kraftig auke i 2023. Budsjettet på **kr.106.000,- Art 11 Kjøp av varer og tenester**, er veldig lågt, sett i høve dagens prisnivå, når ein veit at dette skal dekke dei årlege driftskostnadene for ei barnegruppe på om lag 30 barn. Det går til mellom anna mat, leiker, formingsmateriell, barnemøblar, diverse utstyr, inventar osv.

Fråvær på avdelinga

Langtidsfråvær: 4,87

Korttidsfråvær 4,87

Totalt fråvær i 2023: 4,87

Året som gjekk

Eit godt år, alt i alt! Stabilt personale, godt nøgde foreldre og stor søknad til barnehagen.

Særlege utfordringar vidare

Ein del av barnehagens utstyr, mellom anna servise og bestikk til barna, er nærmare 30 år gammalt, og må fornyast. Sidan me er pålagt å køyre oppvaskmaskina på 80 grader, så krev det at me har service av høg kvalitet, og det er sjølvstykke dyrare ved innkjøp.

Barnehagen får ei ny avdeling frå hausten 2024; «Brenno» med lokale på Skattebøl skule.

Reknar med at det blir tilført ekstra midlar for å drifte denne avdelinga:) Det seier seg sjølv.

Årsmelding Nordbygdene barnehage

Avdeling

Nordbygdene barnehage

Ansvarsområde: 2021

Resultatansvarleg: Einfrid Hagen

Sektor: Oppvekst

Rekneskap

ALLE

H arts ▼	R 2023	B 2023	B 2023 ink...	Avvik%	Avvik i NOK	R 2022
10 Løn inkl sosiale utgifter	5 566 489	4 679 000	4 885 000	113,95	-681 489	4 668 740
11 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin ten	126 317	106 000	106 000	119,17	-20 317	92 860
13 Kjøp av vare og tenester som erstatter kommunal teneste	0	0	0	0,00	0	48 360
14 Overføringer	26 714	20 000	20 000	133,57	-6 714	17 240
16 Salgsinnt	-748 158	-600 000	-600 000	124,69	148 158	-727 938
17 Refusjoner	-183 119	-430 000	-430 000	42,59	-246 881	-279 273
Totalt	4 788 244	3 775 000	3 981 000	120,28	-807 244	3 819 989

Kommentarar til rekneskap 2023

- Meirforbruk art 10100 – fast løn skuldast at stillingsprosenten auka med 140 % gjennom året fordi barnetalet auka og vedtak på 100 % styrking/spesialpedagog på eit enkeltbarn

(562 000,- kr)

- Meirforbruk på art 10990 - arbeidsgjevaravgift og 10900 - pensjonsinnskot heng saman med auke av stillingsprosent. (140 000,- kr)
- Art 10301 - pensjonistvaktmeisteren vår burde ikkje ligge til Nordbygdene bhg og – skule sitt rekneskap. Han er tilsett i denne stillinga for å avlaste vaktmeisterordninga i kommunen (i blant hjelper han og til andre plassar), og eg meiner at det er byggforvaltning sitt arbeid han utfører og at timane hans bør ligge i deira rekneskap.
- Eit år med utskifting av både bl.a. oppvaskmaskin og vaskemaskin fører til litt høgt forbruk på
H arts 11 - kjøp av varer og tenester (20 300,- kr)
- H arts 17 – refusjon frå Horten kommune vårhalvåret-23 ang. eit fosterbarn

Fråvær på avdelinga 2023 - 3,3 %

Litt meir fråvær enn tidlegare. I november fekk me ei langtidssjukemelding grunna beinbrot. Denne 80 % stillinga vart ikkje dekkja opp av fast vikar. Noko vikar fekk me tak i enkelte dagar. Resten av fråværet vart dekkja opp av styrar, eller me gjekk utan vikar men med intern omorganisering.

Statistikk

1. Oppfylte plassar i Nordbygdene bhg dei siste åra:

	2024 (hausten)	2024 (våren)	2023	2022	2021	2020
Plassar 0 – 2 år (1 barn = 2 pl.)	12	18	18	12	12	20
Plassar 3 – 6 år	17	14	13	16	14	14
Plassar totalt:	29	32	31	28	26	45

2. Skulestartarar, barn med vedtak om styrking/spes.ped.ressursar, logopedhjelp og barn med utsatt skulestart:

	2024 (hausten)	2024 (våren)	2023	2022	2021	2020
Skulestartarar i gruppa	7	6	6	6	4	7
Barn med vedtak om styrking/spes.ped.ressursar	2 (?)	1	1	1	1	1
Utsatt skulestart	1	1	1	1	0	1
Logopedhjelp	?	3	1	1	3	3

Merknader:

- Antall plassar i gruppa har halde seg ganske jamt sidan 2021.
- Det varierer litt korleis plassane fordeler seg på avdelingane, og det er difor behov for ei viss fleksibilitet i organiseringa av gruppene og personalet.
- Per i dag er det to barn som er under utredning av PPT og vil få ei sakkyndig vurdering. Truleg blir det behov for meir spesialpedagogisk tilbod og styrking i gruppa. Eit barn er meldt opp til koordinerande team.

Tenesteproduksjon

- Ingen spesielle politiske vedtak som har ført til endringar frå tidlegare år

Året som gjekk

- Ingen spesielle merkedagar. Jamt over eit fint og roleg år med ei stabil personalgruppe med høg fagleg kompetanse; - alle dei faste tilsette er pedagogar eller fagarbeidarar.
- Barn som var oppmeldt til PPT i 2023 vart ståande på venteliste alt for lenge. Årsaka var bl.a. at PPT for Ål og Hol skulle splittast opp, og at alle saker i Hol måtte gjerast ferdige før årsskiftet 2023/2024. Resultatet var bl.a. at eit barn som starta opp på skulen hausten-23 ikkje hadde fått den kartlegginga, utgreiinga og hjelpa som han burde ha fått før skulestart.

- Har hatt opningstid 7.00 – 16.30 med høve til å be om utvida opningstid ved behov. (det er det ingen føresette som har nytta seg av) Det kan sjå ut til at denne opningstida er fornuftig å halde fram med.

Særlege utfordringar vidare

- Behov for ekstra personalressurs som kompensasjon for all plantid for pedagogane og pålagt møtetid slik at det er nok pers.ressursar på avdelingane fleire timar per dag. (gjeld alle bhg i kommunen) Per i dag ha me dekkja opp møteressurs 7 t/v. Tre pedagogar i bhg. har plantid kvar veke, og behovet er difor oppdekking 12 t/v.
- Få tak i kompetente og kjende vikarar ved sjukefråvær.

Årsmelding Sundre barnehage

Avdeling

Sundre barnehage

Ansvarsområde: 2023

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Mette Oleivsgard og Eli Hundven Smedsplass

Rekneskap

Ansvar: 2023 Sundre barnehage

H arts ▼	R 2023	B 2023	B 2023 ink...	Avvik%	Avvik i NOK	R 2022
10 Løn inkl sosiale utgifter	17 766 116	15 991 000	17 346 000	102,42	-420 116	15 452 102
11 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin ten	514 972	308 000	308 000	167,20	-206 972	350 663
14 Overføringer	92 369	25 000	25 000	369,48	-67 369	68 949
16 Salgsinnt	-2 208 989	-2 055 000	-2 055 000	107,49	153 989	-2 251 973
17 Refusjoner	-192 487	-25 000	-25 000	769,95	167 487	-127 695
Totalt	15 971 981	14 244 000	15 599 000	102,39	-372 981	13 492 046

Kommentarar til rekneskap 2023

Sundre barnehage hadde ei bemanningskrise i 2022-2023, det var krevjande for dei tilsette, føresette og barna. Me hadde fleire faste tilsette som endra arbeidsplass gjennom året, både dei som kom til Sundre barnehage og dei tok andre val og fant ein ny plass.

Me har gjennom 2023 arbeid med å ruste personalet etter eit veldig krevjande barnehage år i 2022-2023. I haust har me vald å tilsette assistentar i mellombelse stillingar, for å sørge for at me har tilsette som barna, føresette og personell opplever som kjente. Det har gjort at me i større grad opplever at det er kontinuitet i personalgruppa, både til å dekke opp kortids-fråvær og langtids-fråvær. Dei tilsette melder attende at det er mindre belastande, når ein veit at det er ein struktur som tek omsyn til dei som arbeidstakar. Hausten 2023 bar preg av ein del sjukemeldingar, der nokre av dei kom som eit resultat av at kroppen har stått i press over tid, andre på grunn av generelle helseutfordringar og nokre på grunn av svangerskap. Me har hatt tre tilsette som gjekk ut i foreldrepermisjon i løpet av året, som også har utløyst behov for assistentar i mellombelse stillingar. Med sjukemeldingar og sjukdom kjem også ein del endringar i vakter, som utgjer at tilsette har rett på tillegg på grunn av forskyvd arbeidstid, overtid utgjer det ein kroner, særleg på endring av vakter som skjer dagen føre.

Særskilt for hausten er at me fekk to barn med vedtak om EIBI-program. Kvar av desse barna har i den samanheng, krav på kvart sitt eige rom, til treningsopplegget. Det har generert eit behov for endring i korleis me nyttar rom i barnehagen, og me har måtte bygge om loftet til eit arbeidskontor for pedagogiske leiar. Vedtaka har også generert eit auka behov for tilsette med kompetanse for arbeidet med EIBI-programmet, barna har til saman 2,4 årsverk som arbeidar direkte opp mot dei og det er kostnadar som me ikkje hadde i dei to første kvartala av 2023, men som vil følgje oss i nokre år og dei vil ha eit behov for ressursane vidare oppover i skulen.

Fråvær på avdelinga

Totalt fråvær i 2023: 14,53%.

Sundre barnehage har hatt ein høg prosent sjukemeldte i 2023. For dei som har vore langtidssjukemelde er årsaka samansett, det er kombinasjon av livet og eit arbeid som krev mykje av deg relasjonelt og mentalt. Kortidsfråværet skuldast i stor grad sjukdommar som ved jamne tider kjem i barnehagen blant barna, som smittar over på dei tilsette. Me har vore heldig frå hausten 2023, med å få tilsette i midlertidige stillingar for å skape stabilitet for barna, tilsette og føresette. Det bidreg til at me klarar å halde drifta gåande, sjølv om me har dagar med mange tilsette sjuke, utan at det slit ekstra på dei tilsette som er på arbeid.

Tenesteproduksjon

Første halvdel av 2023: Sundre barnehage leverte eit barnehagetilbod til 74 barn, totalt 107 plassar. Av 74 barna hadde 6 barn vedtak om spesialpedagogisk hjelp og 21 barn er fleirspråklege.

Andre halvdel av 2023: Sundre barnehage leverte eit barnehagetilbod til 75 barn, totalt 108 plassar. Av 74 barna hadde 5 barn vedtak om spesialpedagogisk hjelp og 16 barn er fleirspråklege.

Året som gjekk

Første halvdel av 2023: Våren i Sundre bar preg av ein turbulent vinter med ein del utskiftingar blant dei tilsette som har vore i Sundre over tid. Barnehagen har arbeid med å implementere aksjonsforskning og utvikle eigen praksis knytt til leiken, korleis få oss tilsette meir aktivt deltakande og korleis skjerme leiken.

Andre halvdel av 2023: Hausten bar preg av at me var mange nye som starta opp og ein tel tilsette som skulle ut i foreldrepermisjon. Det å ha mange ny tilsette i ei personalgruppe samstundes som me skal etablere nye barnegrupper er ein prosess som tek tid og er krevjande. Me har i personalgruppa arbeidd med å bygge relasjon blant dei tilsette, samstundes som me har arbeidd med å løfte vidare fokuset på leiken i har kvardagen har me arbeidd me kva me forventar av kvarandre og løfte fagprofesjonen vår.

Særlege utfordringar vidare

Me har det siste halvanna året hatt ei utskifting av personalgruppa, for å bygge ei robust kollegagrupper ynskjer me å vidareføre fleire av dei tilsette som har midlertidige stillingar for inneverande barnehageår, til hausten. Det handlar om at me ynskjer å bruke mindre energi hjå tilsette og barn på sette gruppene på nytt, å heller kunne bruke tida på omsetje fagprofesjonen vår, for å nå ulike mål i styringsdokumenta våre.

Sundre barnehage og oppvekstsektoren elles må arbeide med rekruttering og tilsetting. Det vil være viktig at me har ei bemanning i barnehagen som tek vare på tenesta me skal levere, samstundes om tek vare på tilsette som har stått i relasjonelt arbeid over tid. Over tid har yrker som arbeidar relasjonelt vore altfor dårleg til å ta vare på dei tilsette. Me ser ei auke av tilsette som vært langtidssjukemelde eller skifter yrke etter fleire år i sektoren, på bakgrunn av å være «oppbrukt» / «tom». Det er viktig at sektoren sett fokus på korleis me framover kan ruste tilsette i mellommenneskeleg arbeid, slik at ein vil tole å arbeide i barnehagen over tid. For å rekruttere er det viktig at me i sektoren er attraktive praksisplassar for dei som er i utdanning og lærlingar, slik at dei får gode erfaringar med kommunen og dermed vil velje oss som arbeidsgjevar. Det gjeld heilt frå ungdomsskulen til høgskulen.

Barnehage har komme i situasjon der det er to ulike krav som vert sett til oss som organisasjon. Me har eit samfunnsoppdrag der me skal bidra i velferdsstaten til at føresette har høve til å stå i arbeid samstundes som dei har små barn. Me har ei opningstid på ti timar, fordelt på tre tilsette som arbeidar 7,5 time. Dei tilsette står om morgon/ettermiddag «aleine» med barn som kjem og vært henta, samstundes har føresette høge forventingar til dei tilsette i desse situasjonane. Krava frå føresette kjenner ein at har auka det siste tiåret. På den andre sida har stiller staten høgare krav til barnehagen som ein utdanningsinstitusjon. Barnehagen har fått auka krav til kva dei skal levere på pedagogisk, ein aukar ramma med pedagognorm, utan at ein aukar den generelle grunnbemanninga, i praksis gjer det fleire hender til administrative arbeidet, men ein tek hender frå barna. Planleggingstida til pedagogane har ikkje auka, sjølv om krava til kva dei skal førebu og dokumentere aukar.

Me i Sundre barnehage merkar trenden som er i samfunnet elles, der ein ser ei auke i tale barn som har ulik grad av autisme. Det vil krevje at kommunen byggjer opp eit team med tilsette som har kompetanse om tema for å være rusta i åra som kjem.

Reint bygnings messig er den eldste delen av Sundre barnehage byrja å bere preg av at den er bygd i 1978 og det er behov for at inventaret (dører, golv og veggar) får ei løft. Det er meldt inn og sett i prosess hjå byggforvaltning. I denne utbetringa vil det også være behov for å utbetre begge kjøkkena frå 2009 og sette inn nye kvitevarer.

Årsmelding Torpo barnehage

Avdeling

Torpo barnehage

Ansvarsområde: 2024

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Liv Tanche-Larsen

Rekneskap

DEN EINASTE EINE 2023 Torpo barnehage - Type: Rapportmal - Lagres i: Mine

Tallvisning Desimal Hele tall Tusen Vis rapportinfo

Liste: H grp ansvar - Ansvar - Teneste - H arts - Art - ...	R 2023	B 2023	B 2023 ink...	Avvik%	Avvik i NOK	R 2022
ALLE	4 452 302	4 720 000	4 865 000	91,52	412 698	4 558 584
2 Oppvekst (2)	4 452 302	4 720 000	4 865 000	91,52	412 698	4 558 584
2024 Torpo barnehage	4 452 302	4 720 000	4 865 000	91,52	412 698	4 558 584
2011 Barnehagetilbud	4 451 626	4 020 000	4 165 000	106,88	-286 626	3 936 103
> 10 Løn inkl sosiale utgifter	5 212 510	4 633 000	4 778 000	109,09	-434 510	4 583 971
> 11 Kjøp av varer og tenester som inngår i k	191 287	97 000	97 000	197,20	-94 287	139 210
> 13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter k	0	0	0	0,00	0	45 942
> 14 Overføringer	41 313	15 000	15 000	275,42	-26 313	24 091
> 16 Salgsinnt	-810 360	-710 000	-710 000	114,14	100 360	-829 430
> 17 Refusjoner	-183 123	-15 000	-15 000	1 220,82	168 123	-27 681
> 2111 Gen. styrkingstiltak i barnehagane	8	80 000	80 000	0,01	79 992	355 004
> 2113 Spesialpedagogisk tilbod born under 6 år	668	620 000	620 000	0,11	619 332	267 477

Kommentarar til rekneskap 2023

- Den totale ramma syner eit mindreforbruk enn budsjettert. Lønskostnader er oppført på same art, og det er ikkje overført frå tenestområdet 2113 spes. Ped)
- Lønnskostnadene til teneste2113 er budsjettert med heile året, men behovet var tom. august. /8 månader/og overført til fastløn art 10100

- Refusjonar frå sjukmeldte ligg på nær 200 000,- og må sjåast i samanheng med meirforbruk på løn.
- Meirforbruk løn skuldast løn til vikarar, og løn til spes. (teneste 2113)
- **Drift:** barnehagen hadde auka inntekter, då det er underbudsjettert. (nær 100.000,-)
- Kjøp av varer og tenester: Her er det eit stort meirforbruk grunna planlagt «Avdeling Bakketun» Ekstraavgiftene blei lagt til mitt budsjett. Kostnad 100.000
- Samla sett er driftsbudsjettet for lite. Det er i utg punktet fleire budsjettpostar til drift, lisensar, vedlikehald som allereie er låst (nær 30%)

Fråvær på avdelinga

Totalt fråvær i 2023: 4,28% Det meste av fråveret er sjukemeldingar, både langtid og nokre kortare (innan 14 dagar) Oktober og November var sjukefråveret svært høgt.

Statistikk

Sjukefråveret har auka noko, ca 1 % ifh til førre år.

Tenesteproduksjon

- Endring frå tidlegare – politiske vedtak. Ingen endring.
- Endring frå tidlegare – nasjonale føringar. Ingen endring.
- Endring frå tidlegare – internt i barnehagen: endring

Året som gjekk

Det har vært store utskiftingar i personalet i 2023. Frå august fekk barnehagen ny styrar og 2 fagarbeidarar og 1 assistent hadde nye jobbar. Rekruttering av fagarbeidarar er vanskeleg og verdifull kompetanse uteblir. Barnehagen skulle ha starta opp ei avdeling for ute og friluftsliv for å frigi plassar til småbarn. Dette vedtaket vart omgjort. Barnehagen har rekruttert personale til å utvide barnegruppe og har no 3 pedagogiske leiarar i fast stilling.

Særlege utfordringar vidare

- Barnehagen har bruk for oppgradering av uteområde og ein gjennomgong av areal inne, slik at dei fysiske rom er tilpassa barnegruppa. det blir fleire 1 åringar som har 5 dagarsplass og lange dagar. Dette krev andre løysingar for både leik, kvile og stellerom, og kan medføre auka kostnader.
- Frå August vil kostnad for full plass i barnehage koste halv pris av i dag. Det betyr at foreldre vil få tilbod om 5 dagarsplass. Som følgje av dette blir det fleire barn gjennom veka.
- Leikeapparat er utslitt og vedlikehald er dårleg. Det må eit grundig vedlikehald til på dette.
- Rekruttere og behalde arbeidstakarar til barnehage er ei utfordring generelt, både av fagarbeidarar og pedagogar.

Årsmelding Skattebøl skule

Avdeling

Skattebøl skule

Ansvarsområde: 2034

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Elin Flaget

Rekneskap

Alle	9 439 041	6 623 000	6 786 000	139,10	- 2 653 041	7 305 268
2 Oppvekst (2)	9 439 041	6 623 000	6 786 000	139,10	- 2 653 041	7 305 268
2034 Skattebøl skule	9 439 041	6 623 000	6 786 000	139,10	- 2 653 041	7 305 268
2021 Grunnskule	8 326 417	5 784 000	5 922 000	140,60	- 2 404 417	5 937 155
10 Løn inkludert sosiale utgifter	5 014 353	5 629 000	5 767 000	86,95	752 647	5 126 737

11 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon	4 184 397	155 000	155 000	2 699,61	- 4 029 397	943 342
13 Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	331 194	0	0	0	- 331 194	0
14 Overføringer	48 290	25 000	25 000	193,16	- 23 290	34 116
17 Refusjonar	- 1 251 817	- 25 000	- 25 000	5 007,27	1 226 817	- 165 040
19 Finansinnt	0	0	0	0	0	- 2 000
2023 Opplæringstilbod for barn med nedsett funksjonsevne	1 040 471	591 000	610 000	170,57	- 430 471	1 392 043
2151 Skulefritidstilbod	72 153	248 000	254 000	28,41	181 847	- 23 930

Kommentarar til rekneskap 2023

- Lønnskostnadene er mindre enn budsjettert, pga nedgang i personale hausten 2023.
- Store utgifter for ein elev, Familiehjelp.
- Mykje refusjonar pga av mange sjukemeldingar og svangerskapspermisjon
- Driftsbudsjettet er for lite i forhold til kva ein treng. Berre kopimaskinavtaler tar va 1/3 av det totale driftsbudsjettet.

Fråvær på avdelinga

Totalt fråvær i 2023: 13.96% sjukefråvær. For det meste er det sjukemeldt fråvær.

Statistikk

I 2023 har elevtalet falle ein god del. Me starta året med vel 40 elevar og i utgangen av 2023 hadde me 31 elevar. Me har klassar på 7-8-6 og 12 elevar. Me er fådelt, der 2. og 3. trinn går saman, og har ein lærar, skulle vore ein lærar til i ein del av timane. På SFO har det vore i snitt mellom 15 og 20 barn på ettermiddagen. MorgoSFO har hatt ca 3-8 barn.

Året som gjekk

- Frå januar til utgangen av juni mangla skulen ein lærar i ein klasse som trengte mykje ressursar. For å unngå endå meir sjukemelding gjekk rektor inn og var mykje vikar i klassen. Noko som påverka tida til anna utviklingsarbeid.
- Me har over fleire år hatt fokus på tilpassa opplæring, leikbasert og praksisnær undervisning. Dette året opplever ein at det har starta å svinge av dette. Pedagogane er meir kreative, både i utforming av rom, undervisning og alle dei ulike arbeidsmåtane.
- Skulen har hatt fokus på at me er ein VI skule, me har fellessamlingar to gonger i veka, der ei er rektor si samling og ei er klassane si, der dei viser ting dei jobber med. Rektor si samling har fokus på felles sosiale mål, og leik. Der me leikar saman alle, både store og små. Noko som gjer at alle får ein konto med ulike leiker, som ein kan sjå att i både friminutt og i timane. Me har felles måltid fire gonger i året. Felles dagar, som fagdagar, fjelltur, sommartur, vintertur. Med stort fokus på at alle skal kunne delta, uansett forutsetningar.
- Hausten 23 starta me opp samarbeid og nettverk med dei fådelte skulane i Ål, der me har hovedtema om tilpassa opplæring og fådelt metodikk, med fokus på leikbasert, praksisnær undervisning. Me jobber aksjonsbasert der alle skal dele sine gode praksiserfaringar, slik at dei skal lære og motivere kvarandre til og utvikle ein betre tilpassa opplæring i den fådele skulen. Her utviklar med eit større profesjonsfellesskap på tvers, og ein meir fellesskapsfølelse og oppvekst i Ål.

Særlege utfordringar vidare

- Nok elevar til for at ein skal kunne ha eit godt fungerande profesjonsfellesskap. Og i det ha rett kompetanse til å dekke dei ulike behova elevane har. Og med ny opplæringslov er det enda strengare krav til kven som kan utføre t.d. spesialundervisning.
- Generelt, rekruttering og behalde personale

Årsmelding Torpo skule

Avdeling

Torpo skule

Ansvarsområde: 2035

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Kjell Arne Haavaldsen

Rekneskap

H arts	R 2023	B 2023	B 2023 inkludert endringar	Avvik %	Avvik i NOK	R 2022
10 Lønn inkludert sosiale utgifter	8 793 665	7 200 000	7 495 000	117,33	- 1 298 665	8 138 226
11 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon	752 643	200 000	200 000	376,32	- 552 643	293 096
13 Kjøp av vare og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	17 280	0	0	0	- 17 280	0
14 Overføringar	167 264	35 000	35 000	478,18	- 132 364	55 657

16 Salsinntekter	- 185 256	- 70 000	- 70 000	264,65	115 256	- 261 249
17 Refusjonar	- 634 782	- 685 000	- 685 000	92,67	- 50 218	- 811 972
19 Finansinnt	- 1 316	0	0	0		- 3000
Totalt	8 909 599	6 680 000	6 975 000	127,74	- 1 934 599	

Kommentar til rekneskap 2023

10 Her er det tilsetningar i løpet av året. Det skuldast økt behov på bakgrunn av tilmeldingar, korttidssjukmeldingar og nye tilsette. Torpo skule starta kalenderåret med vakante stillingar

11 Her inngår utgifter i samband med at me fekk elevar frå Torpo akuttmtottak. Det krevde ein del utstyr og læremidlar. I tillegg er det her utgifter til innleid hjelp grunna sjukmelding

16 Foreldrebetaling

17 Mva - refusjonar

Statistikk

Skuleåret 2023/24 : 47 elevar

1.-2. trinn saman med 11 elevar (8+3)

3.-4. trinn saman med 11 elevar (6+5)

5.-7. Trinn saman med 25 elevar (7+8+10)

4 kontaktlærarar

100% Rektor

20% sekretær (knytta til oppvekstkontoret).

660 % lærarstillingar

100% Miljøarbeidar

500% fagarbeidarar/assistentar

Året som gjekk

Oppstarten av skuleåret var krevjande med manglande kompetanse og vakanse

Skuleåret blei prega av mykje fråver både i leiarfunksjon og blant andre tilsette. For personalet var det eit krevjande år.

I november blei Torpo akuttmottak oppretta med inntil 295 beboarar frå Ukraina. Me var nærskule, og me brukte mykje tid dei to siste månadane til å rigge til rom, pultar, stoler, lyse ut etter personale, tilsettingar og planlegging. Me hadde godt samarbeide med leiinga i kommunen og med mottaket. Personalet her er veldig fleksible og gode på samarbeid og innsats. Me måtte vere budd på opptil 40 nye elevar, så det blei ei utfordring for skulen

Me starta opp med undervisning rett over nyttår.

Fråvær på avdelinga

Totalt 10,93%

Særlege utfordringar vidare

- Oppvekst 2030, vidare arbeid og ev avgjerd
- Rekruttere nytilsette, og behalde tilsette
- Aukande utfordringar med elevar som har ufrivillig skulefråvær
- Økonomi framover med tanke på tal på elevar med aukande hjelpebehov
- Samarbeide med Familiens Hus

Torpo skule, 15.03.2024

Kjell Arne Haavaldsen

Årsmelding Nedre-Ål skule

Avdeling

Nedre-Ål skule

Ansvarsområde: 2032

Resultatansvarleg: Ellen Ellingsgard

Rekneskap

	Rekneskap Nedre - Ål skule	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	Regnskap
		2023	2023	0	2022
10	Løn inkl sosiale utgifter	31 349 011,20	27 103 000,00	4 246 011,20	26 161 020,08
11	Kjøp av varer og tenester	1 799 298,50	640 000,00	1 159 298,50	1 846 107,88
13	Kjøp av vare og tjenester	9 200,00	-	9 200,00	-
14	Overføringer	209 667,81	100 000,00	109 667,81	188 024,93
	Sum utgifter	33 367 177,51	27 843 000,00	5 524 177,51	28 195 152,89
16	Salgsinnt	- 659 688,51	- 100 000,00	- 559 688,51	- 595 627,04
17	Refusjoner	- 3 255 811,01	- 600 000,00	- 2 655 811,01	- 1 100 695,93
18	Overføringer	-	-	-	- 5 000,00
19	Finansinnt	- 5 824,00	-	- 5 824,00	- 5 000,00
	Sum inntekter	- 3 921 323,52	- 700 000,00	- 3 221 323,52	- 1 706 322,97
	Totalt - netto	29 445 853,99	27 143 000,00	2 302 853,99	26 488 829,92

Kommentar til rekneskapet

Økonomisk viser året 2023 eit meirforbruk på totalt 2.302.854 kr.

Merk at prosjekt 801 (flyktningar) visar ei utgift på 2.698.373 kr (lønsutgifter) og 61.831 kr (varer og tenester). Total for prosjektet: 2.760.204 kr.

Meirforbruk på kjøp av varer og tenester utgjer 1.160.000 kr. Meirforbruk på denne tenesta har vart over fleire år og ligg stabilt på dette nivået. Ramma har vore så godt som uendra og dekkjer ikkje det me treng for å drifte skulen. Prisar på varer og tenester har på det jamne gått opp. Nye krav og forventningar jfr. ny lærarplan, krev driftsmidlar og investeringar. I tillegg

har Inn på Tunet-ordninga for ein enkeltelev med store og samansette hjelpebehov (vårsemesteret 2023) innverknad på vårt driftsbudsjett for kjøp av varer og tenester.

Nedre-Ål skule har i heile skuleåret 2023 drifta mottaksklasse og velkomstklasse for elevar busette på midlertidig mottak og busette flyktningar. Grunna særordningar har eit ekstraordinært stort antall elevar vorte busette raskt og innanfor ei kort tidsramme i kommuna vår. Nedre-Ål skule tek i mot alle desse.

Fråvær på avdelinga

Langtidsfråvær: 8% sjukemeldt fråver

Korttidsfråvær: 2% eigenmeldt

Totalt fråvær i 2023: 10%

Kommentar til fråværet

Langtidsfråværet har gått noko opp frå 5,6% i 2022 til 8% i 2023.

Korttidsfråværet har derimot gått noko ned frå 3,2% i 2022 til 2% i 2023.

Me har langtidssjukemeldingar i personalet som gjer at prosentsatsen er høg. Me tenkjer at auka frå 2022 i stor grad skyldast 100% sjukemelding i leinga store delar av året. Me ser ein nedgang i korttidsfråværet samanlikna med 2022. Me håpar at det kanskje speglar mindre slitasje på personalet sett i lys av ny organisering med 2-lærarsystem og stabile team på trinna. Dette er ikkje noko me veit med sikkerheit, men me antek det.

Års-statistikk - Nedre Ål skule

	2023		2022		2021	
Forslag til statistikk:	Vår	Høst	Vår	Høst		

Antall klasser - trinn 1	1	2	1	1	Vår	Høst
Antall barn - trinn 1	21	33	22	20	1	1
Antall klasser - trinn 2	1	1	1	1	16	22
Antall barn - trinn 2	23	22	17	24	1	1
Antall klasser - trinn 3	1	1	1	1	14	17
Antall barn - trinn 3	22	23	15	21	1	1
Antall klasser - trinn 4	1	1	1	1	20	15
Antall barn - trinn 4	19	23	21	18	1	1
Antall klasser - trinn 5	2	2	2	2	22	21
Antall barn - trinn 5	30	36	40	30	2	2
Antall klasser - trinn 6	2	2	2	2	41	40
Antall barn - trinn 6	42	31	41	43	2	2
Antall klasser - trinn 7	2	2	2	2	33	41
Antall barn - trinn 7	46	42	35	45	2	2
Antall klasser - velkomstklasse	1	1	0	1	39	35
Antall barn mottaksklasse*	41 elever i løpet av skuleåret			18	0	0

Antall deltakere		58 + 17 frå				
SFO	49	Skattebøl		28		

Tenesteproduksjon

Endring frå tidlegare – politiske vedtak

Nedre-Ål skule har tatt i mot eit stort antall elevar frå akuttmottaket på Skarslia, i tillegg til eit stort antall busette flyktingar. Situasjonen, i mellom anna Ukraina, har gjort at mange elevar har vorte busette på kort tid. Å drive god opplæring for over 20 nybusette elevar, frå ulike nasjonar har vore givande, men krevjande. Dette både læringsmessig, ressursmessig og administrativt.

Endring frå tidlegare – nasjonale føringar

Hausten 2023 vart det innført gratis SFO inntil 12 timar også for 2.trinn. Dette er eit godt tiltak som på sikt sikkert vil få elevar inn i SFO som elles ikkje ville vore der. Dette er ressurskrevjande og gjer at SFO igjen har måtte delast i to basar.

Endring frå tidlegare – avdeling

Innføring av tolærarsystem på 1. og 2. trinn i alle fag og to lærarar i matematikk, norsk og engelsk på 3.-7. trinn har vore positivt for kvalitet på undervisninga, det er meir føreseieleg for både store og små, og gjev moglegheiter for meir tilpassing og inkluderande spesialundervisning.

Året som gjekk

- Spesielle merkedagar

Mellom anna:

- Hallingveke
- Litteraturveker
- Avslutningsframsyning 7.trinn
- Skuleløp til inntekt for TV-aksjonen
- Skidagar
- Kast-ballen-prosjekt for 1.-3.trinn
- Månadlege fellessamlingar med heile skulen, der elevane står for programmet
- Rovdyrskule for mellomtrinnet
- DKS – både lokalt og Fylkesvis med ulike teaterframsyningar, utstillingar og konsertar

- Spesielle hendingar

- Det har blitt gjort eit omfattande vidare arbeid med planane for nytt uteområde ved skulen. Håpet er oppstart våren 2024 og ferdigstilling hausten 2024.

- Den gode historien

- Kompani Tøn vart igjen ein stor suksess med lærerike og minneverdige veker for 7. trinn.
- Litteraturveker i februar 2023 med godt besøkt open skule gav kreativ, tverrfagleg læring heilt i tråd med ny læreplan.
- Alle elevar på Nedre-Ål skule har symjing ein gong i veka heile skuleløpet. Dette er me stolt av å få til.
- Alle elevar (bortsett frå 6.trinn) har uteskule/fagdag ein dag i veka. 6.trinn aktiv læring ei halv dag i veka, i tillegg til mat og helse som ligg til dette trinnet. Dette er heilt i tråd med ny læreplan og gir elevane mogelegheit for læring på nye arenaer og med meir praktisk og aktiv tilnærming.

Anna

Rekruttering

Me ser fortsatt at det over tid er for få søkjarar, og at det er vanskeleg å få tilsett nye. Me konkurrerer med dei andre skulene i dalen, og det er viktig at me er konkurransedyktige ifht. løn og arbeidstilhøve. Automatisk kompetansetillegg for vidareutdanning, og moglegheit for å bli tilsett med 100% løn som fagarbeidar/assistent kan vere lurt å få på plass. Kontaktlærarane på skulen er under stort arbeidspress, med kontaktlæraransvar åleine for opptil 25 elevar. I tillegg er ein mykje større andel av elevane nybusette flyktningar, som treng mykje og ekstra oppfylgning over lang tid. Stadig fleire ynskjer ikkje å ha ansvar som kontaktlærer. På Nedre-Ål skule ser me det no som ein nødvendighet å kunne vere to kontaktlærarar i klassar over 16 elevar, for at tilsette skal både ynskje og halde ut i denne rolla.

Me ynskjer også å kommenter på at Hallingdal leirskule – som ikkje er eit lovpålagt tilbod – rekrutterer lærarar innad i kommunen og slik sett “stel” verdifull kompetanse og lærarkrefter frå skulane i Ål. I ein elles prekær situasjon som skulane no bemanningsmessig befinn seg i er dette eit viktig tema å løfte fram og diskutere.

Det er ein krevjande jobb å vere skuleleiar, og det trengst stor nok leiings- og administrasjonsressurs til å kunne drifte skulen og konkurransedyktig løn. Me treng stabile leiarteam som blir i jobben over tid.

Mange elevar med store og samansette behov

Me har stadig fleire elevar med samansette og spesifikke hjelpebehov. Dette krev auka bemanning, og fleire tilsette med spesialpedagogisk kompetanse for å gje eit godt nok tilbod til desse elevane. I større grad enn tidlegare er også hjelpebehova helserelevante, og dette meiner me krev samarbeid gjennom dagen, på tvers av sektor helse og skule. Det har også auka på med skulevegringstilfelle, og for å jobbe godt med skreddersydde tiltak for desse, krevst det også ressursar. Når me no slit med å rekruttere nok tilsette, er dette ei utfordring som berre aukar i omfang.

Årsmelding Nordbygdene skule

Avdeling

Nordbygdene skule

Ansvarsområde: 2031

Resultatansvarleg: Elin Nordheim

Rekneskap

Liste: H grp ansvar - Ansvar - Teneste - H arts - Art -...	R 2023	B 2023	B 2023 ink...	Avvik%	Avvik i NOK	R 2022
ALLE	8 779 660	8 197 000	8 471 000	103,64	-308 660	8 350 725
2 Oppvekst (2)	8 779 660	8 197 000	8 471 000	103,64	-308 660	8 350 725
2031 Nordbygdene skule	8 779 660	8 197 000	8 471 000	103,64	-308 660	8 350 725
2021 Grunnskule	9 185 589	8 218 000	8 492 000	108,17	-693 589	7 959 690
10 Løn inkl sosiale utgifter	9 174 850	8 234 000	8 508 000	107,84	-666 850	8 025 350
11 Kjøp av varer og tenester som inngår i k	286 348	204 000	204 000	140,37	-82 348	370 588
14 Overføringer	51 651	30 000	30 000	172,17	-21 651	74 652
17 Refusjoner	-325 860	-250 000	-250 000	130,34	75 860	-449 760
19 Finansinnt	-1 400	0	0	0,00	1 400	-61 139
2023 Opplæringstilbod for barn med nedsatt fi	-238 717	-111 000	-111 000	215,06	127 717	396 780
2151 Skulefritidstilbod	-197 959	90 000	90 000	-219,95	287 959	-27 887
2221 Drift av skuleanlegg	30 746	0	0	0,00	-30 746	22 142

Kommentarar til reknskap 2023

Overforbruk på kjøpte varer og tenester då budsjettramma er for liten ut i frå reelle kostnadar for drift. Berre utgifter til leige/leasing av kopimaskiner og utgifter til dette er ein stor post og har avvik. Overforbruk på variable lønsutgifter ved sjukdom, denne ramma burde også vore større. Motpost til dette er sjukelønsrefusjonar. Noko løn som er ført på teneste 2021 burde vore utgiftsført på 2151. Det same gjeld teneste 2023, refusjon for gjesteelevar som må reknast som motpost til høgare lønnsutgifter en budsjettet.

Utgifter til AGA 100 000 meir enn budsjettet. Det same med pensjonsinnkot.

Teneste 2221 er utgifter til pensjonistvaktmester som skulen nyttar i samarbeid med barnehagen. Dette er kostnadar som i utgangspunktet burde ligge under drift og utvikling sitt ansvarsområde då denne jobben avlastar deira arbeid, men som går ut av skulen si økonomiske ramme utan at det er avsett midlar i budsjettet.

Fråvær på avdelinga

Totalt fråvær i 2023: 7,99% noko legemeldt langtidsfråvær og noko korttisfråvær.

Statistikk

Ved utgangen av 2023 hadde skulen 50 elevar fordelt på 1-7 trinn. Klassane er organisert fådelt, med unntak av 7 trinn som har vore mykje for seg sjølve. Dei andre klassane har hatt noko deling i basisfag. Det minste trinnet hadde 4 elevar og det største 9 elevar. Den minste klassen var 9 elevar og den største fådelt klassen var 16 stk ved utgangen av 2023. 21 elevar med SFO tilbod.

Året som gjekk

Skulen hadde i 2023 eit systemarbeid i samarbeid med Familiens Hus som omhandla best mogeleg utnytting av ressursane våre, organisering, samt tilpassing av skuledagen for barn med utagerande åtferd eller andre behov for ekstra tilrettelegging. Her jobba me blant anna mykje med trygghet og relasjonar som ein grunnleggande føresetnad for å lære, toleransevinduet og me hadde veiledning på systemnivå i kollektive prosessar og på team og klasse nivå.

Våren 2023 satte me i gang med prosjektdagar for å skape meir leik -og praksisnær læring. Desse dagane resulterte i at me timeplanfesta «Praktisk fag» for heile mellomtrinnet to timar i veka frå august 2023. Det er ei organisering av timane i aldersblanda grupper med tre ulike temaer over fem veker kvar. Elevane planlegg, gjennomfører og evaluerer eige praktisk arbeid gjennom loggskrivning. Formålet med praktisk fag har vore å få ei god avslutning på veka kvar fredag med stor grad av elevmedvirkning og indre motivasjon hjå elevane for deira prosjekt og arbeid.

Dette året har me også jobba med å oppretthalde og utvikle samarbeidet med barnehagen gjennom felles personalmøte med leik som tema, faste leiketreff, fellessamling osv.

Nettverkssamarbeidet med dei andre fådelt skulene i Ål vart etablert hausten 2023 med tema kring tilpassa opplæring og fådeltmetodikk. Me jobbar aksjonsbasert med dette for å dele og lære av kvarandre sine styrker og gode praksisar. På denne måten utviklar vi

profesjonsfelleskapet på tvers av grendene, til tross for at vi er lokalisert på ulike plassar. Det er mange måtar å tenkje skulene i Ål som eit profesjonsfelleskap!

Særlege utfordringar vidare

- Behalde og rekruttere kompetanse innanfor dei områda me jobbar med i oppvekst – fagleg og sosioemosjonelt i møte med elevar med større og samansette hjelpebehov.
- Korleis me skal imøtekomme nye lovkrav til kompetanse kring individuell tilrettelagt undervisning, samt kompetansekrav i alle fag på sikt.
- Meir og meir dokumentasjonskrav på alle områder innanfor ansvarsområdet – det er for liten tid til å løyse oppgåvene for leiinga.

Årsmelding Ål ungdomsskule

Avdeling

Ål ungdomsskule

Ansvarsområde: 2037

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Gjermund Flaget

Rekneskap

H arts ▼	R 2023	B 2023 inkl...	Avvik i NOK
10 Løn inkl sosiale utgifter	30 013 369	28 835 000	-1 178 369
11 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin ten	3 435 197	2 063 000	-1 372 197
13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter kommunal teneste	74 955	0	-74 955
14 Overføringer	602 736	310 000	-292 736
16 Salgsinnt	-65 082	0	65 082
17 Refusjoner	-4 966 547	-1 810 000	3 156 547
18 Overføringer	-4 095	0	4 095
19 Finansinnt	-5 320	0	5 320
Totalt	29 085 213	29 398 000	312 787

Kommentarar til rekneskap 2023

- 10-Løn inkl. sosiale utgifter:
 - Budsjettet til vikar og ekstrahjelp var på 285.000kr. Rekneskapen synte 864.952kr Noko av dette er knytt til undervisning for ukrainske elevar, men det meste handlar om at vikarbehovet gjennom eit år er langt høgare enn det budsjettet tek høgde for.
- 11-Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon:
 - Stort avvik på grunn av at skulemat frå Kafé TID er ført her i rekneskapen, utan at det ligg inne i denne Hart-en i budsjettet. Dette utgjer omlag 580.000kr.

- Avvik på omlag 260.000kr på grunn av betaling til Knattholmen leirskule og Sandefjord kommune. Utgift til leirskule ligg ikkje inne i budsjettet vårt.
- Avvik på omlag 300.000 knytt til ulike postar der det ikkje er budsjettet med utgifter. Dette gjeld mellom anna velferdstiltak tilsette, anna forbruksmateriell, annonsering, opplæring, køyregodtgjersle, utdanningsstipend og kontingentar og lisensar.
- 13-Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon:
 - Avvik grunna lønsrefusjon til ein annan skule i kommunen, som «lånte» bort ein lærar til oss.
- 14-Overføringer:
 - Mykje av avviket er knytt til momskompensasjon i forbindelse med betaling til Kjell Arne Haavaldsen som rektor våren 2023.
- 16-Salgsinntekter:
 - Avviket handlar om at pengar frå kantinesal og liknande på skulen er sett inn på denne posten i rekneskapen, medan utgiftene ligg på Hart-11
- 17-Refusjonar:
 - Her er det eit svært stort avvik, då skulen har langt større refusjonar enn budsjettet med. Dette knyttar seg til gjesteelevar, undervisning til ukrainske elevar og sjukemeldingar, samt refusjon for delar av stillinga til lærarar tilsett i Ungt Entreprenørskap og Utdanningsforbundet.

Fråvær på avdelinga

Totalt fråvær i 2023: **4,99 %**

Dette er talet eg har fått oppgitt, men gjennom hausten 2023 har me sitte med ei oppleving av å ha eit langt større fråvær enn dette. I lange periodar har me hatt sjukemeldte i stillingsprosent over 400%, i periodar opp mot 600-700%. Av totalt 30 årsverk, har dette gjort

at fráværet knytt til sjukemeldingar gjennom hausten har vore på 10-20% av dei totale årsverka våre. Dette har vore merkbart og gått ut over evna vår til å løyse oppgåvene ved skulen slik me helst ville gjort det. Samtidig er det viktig å seie at me har ei god grunnbemanning, og på grunn av det klart å sørgje for forsvarleg drift gjennom heile året.

Statistikk

- Elevantal
 - 8.trinn – 49 elevar
 - 9. trinn – 58 elevar
 - 10.trinn – 61 elevar
 - Mottaksklasse – 13 elevar
 - Totalt – 181 elevar

- Tilsette
 - Administrasjon – 200% (+100% vakant, assisterande rektor)
 - Lærarar – 2930% (3050% fast, 350% permisjon, 217% mellombels tilsett)
 - Miljørettleiar – 360% (460% fast, 120% permisjon, 20% mellombels tilsett)
 - Assistent – 585% (275% fast, 90% permisjon, 400% mellombels tilsett)
 - Totalt – 4075% (4085% faste stillingar)

Av dei 29 lærarstillingane har 27 godkjent lærarutdanning. Dei fleste av desse underviser berre i fag dei har godkjent undervisningskompetanse i.

- Årstimar
 - Undervisningstimar totalt – 16.497 timar
 - Undervisningstimar ordinær undervisning – 9.938 timar
 - Undervisningstimar spesialundervisning – 6.559 timar
(2.508 av timane til spesialundervisning, er «ordinære» to-lærartimar i matte, engelsk og norsk)
 - Ca 20% av elevane ved skulen har vedtak om spesialundervisning

Ca 7% av elevane ved skulen har vedtak om særskilt norskopplæring

Året som gjekk

Året har vore prega av ustabilitet i leiinga. Hausten 2022 starta ny rektor og ny assisterande rektor på skulen. I januar sa rektor opp stillinga si, og Kjell Arne Haavaldsen kom inn som erstattar. Assisterande rektor sa opp stillinga si med verknad frå 1.august. Frå 1.august overtok Gjermund Flaget som konstituert rektor, medan tre trinnleiarar fekk utvida tid til administrative oppgåver i staden for at det vart tilsett ny assisterande rektor.

Alle desse byttene og ustabiliteten i leiinga har gjort at fokus det siste året har vore å få til stødig drift framfor å drive reint pedagogisk utviklingsarbeid. Gjennom hausten 2023 har ein opplevd ro og trivsel i personalgruppa, som ser fram mot å få tilsett permanent rektor og assisterande rektor våren 2024.

Særlege utfordringar vidare

- Rekruttere nok lærarar med riktig kompetanse.
- Sikre at dei elevane som treng individuelt tilrettelagt opplæring (spesialundervisning) får slik undervisning med god kvalitet av kvalifisert personell, medan den delen elevar som eigentleg berre treng tett oppfølging og god tilpassing får dette gjennom ordinær tilpassa opplæring. Gjennom dette vil delen elevar med vedtak om spesialundervisning kunne bli redusert til eit omfang som er mogeleg å møte på ein god måte for lærarar, leiing og hjelpetenestene.
- Oppretthalde gode system for integrering og norskopplæring for busette flyktningar og andre med minoritetsspråkleg bakgrunn.
- Sørge for at alle klassar på alle trinn har eit trygt og godt lærings- og klasse miljø.
- Elevar med stort, bekymringsfullt skulefråvær – korleis klare å gje dei eit skuletilbod som gjer at dei vel å komme hit i staden for å bli heime.
- Lage gode system for å få brukt kompetansen til miljørettleiarane riktig.

Årsmelding Ål Introjenter

Avdeling

Ål Introjenter

Ansvarsområde: 2090

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Silje Landsmann-Wiwe

Rekneskap

2090 - Ål introjenter							
H arts		R 2023	B 2023	B 2023 inkl. endringer	Avvik%	Avvik i NOK	R 2022
10	Løn inkl sosiale utgifter	18 285 357	12 003 000	12 160 000	150,37	-6 125 357	9 413 735
11	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon	4 213 084	714 000	714 000	590,07	-3 499 084	2 501 939
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	615 697	900 000	900 000	68,41	284 303	901 609
14	Overføringer	1 338 620	1 208 000	1 208 000	110,81	-130 620	590 827
15	Finansutg	19 104	0	0	0,00	-19 104	0
16	Salgsinnt	-2 609 878	-75 000	-75 000	3 479,84	2 534 878	-393 743
17	Refusjoner	-7 107 282	-2 908 000	-2 908 000	244,40	4 199 282	-5 613 234
18	Overføringer	-2 740 068	0	0	0,00	2 740 068	0
19	Finansinnt	-16 104	0	0	0,00	16 104	-9 406
	Totalt	11 998 531	11 842 000	11 999 000	100,00	469	7 391 727

Kommentarar til rekneskap 2023

(10): Stor auke i tal på busettingar og elevar. I 2023 vart det tilsett to flyktningskonsulentar, to lærarar samt ein teamleiar for norskopplæring for å dekke auka behov. I tillegg stor auke i talet på deltakarar i introduksjonsprogrammet. Utgifter til introduksjonsløn utgjør 8,1 millionar av beløpet.

(11): Utleigg til husleige, straum og etablering, som seinare er refundert frå NAV. Har kome inn under 16 og 17. Også husleige til eksterne klasserom grunna auke i elevtal, samt kontormøblar og IKT-utstyr til nyttilsette.

(16): Fleire betalingsselevar enn budsjettert. Også refusjonar frå (11)

(17): Auka norsktilskot i både Ål og Hol grunna høgare elevtal

(18): Overføring frå integreringstilskotet for å dekke auka utgifter knytt til busetting og introduksjonsprogram

Fråvær på avdelinga

Totalt fråvær i 2023: 4,64%

Statistikk

88% av deltakarane som gjekk ut av introduksjonsprogrammet i 2023 gjekk over i jobb eller utdanning (30 av 34).

Tenesteproduksjon

Ål kommune vart oppmoda om og vedtok å busette 40 flyktningar i 2023. I juni 2023 kom ei tilleggsoppmoding om å busette 10 ekstra flyktningar, som også vart vedtatte. Det var busett 50 flyktningar i 2023; ein frå Syria og 49 frå Ukraina. I tillegg kom det fire personar på familiesameining og tre på sekundærbusetting.

Hol kommune hadde vedtak om å busette 30 flyktningar i 2023.

Ål introjenter hadde pr. 31.12.23 rundt 100 elevar fordelt på sju klassar.

Det var 42 deltakarar i introduksjonsprogrammet pr. 1.10.23. Det er også elevar på grunnskule for vaksne på Gol og på Ål og Gol vidaregåande skule, samt Hallingdal folkehøgskule.

Året som gjekk

Busetting av 50 personar i 2023, pluss oppfølging av dei 90 som kom i 2022 har gitt høg arbeidsbelastning. Avdelinga har jobba mykje med organisering av ansvar og arbeidsoppgåver, samt med å få på plass gode rutinar og system for å kunne levere god kvalitet.

Det har skjedd fleire endringar i lovverka dei siste åra, som set høge krav til at deltakarane våre raskt skal lære norsk og komme i jobb. Det stiller også krav til avdelinga på korleis vi legg opp vårt tilbod. Vi har stort fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet. Alle elevar har arbeidsnorsk på timeplanen og praksis som ein del av introduksjonsprogrammet. Både lærar og

flyktningkonsulent følger opp i praksis, for å sikre god samanheng med norskopplæring og den einskilde sine mål. Vi har tilsett ein karriererettleiar i 20% og tilbyr kurs i karrierekompetanse. Vi har i 2023 hatt stort fokus på samarbeid med næringslivet. Vi har etablert fast samarbeid med næringsutviklaren for å felles kunne nytte vår kompetansekartlegging og for å kunne matche med kommunens behovet for arbeidskraft. Vi har fått også praksisplassar hos mange nye verksemder, både kommunale og private.

Det tette samarbeidet med TID Kafe og Landhandel held fram. Vi har jobba med å vidareutvikle modellen «Praksisførebuande løp (PFL)», og tilpasse opplegget til auka tal deltakarar.

Ål introsenter, i samarbeid med næringsutviklar og organisasjonen «Sammen om en jobb», fekk støtte frå Viken fylkeskommune til vidareføring av mentorprogrammet for innvandrarar i Hallingdal med høgare utdanning eller fagbrev (forprosjekt i 2022, hovudprosjekt i 2023). Avdelingsleiar var invitert av Viken fylkeskommune til å halde innlegg om dette prosjektet på tre konferansar i juni 2023 (Oslo, Drammen, Fredrikstad).

Ei viktig oppgåve for avdelinga er haldningsskapande arbeid; fokus på positive ressursar, å legge til rette for nettverksbygging og møteplassar og å førebygge «vi og dei»-tankar. Julekalenderen vår på Facebook, der vi kvar dag presenterte nokre av dei som vart busett i 2023, er eit bidrag til dette.

Ål introsenter og Skarslia akuttmottak arrangerte ei støttemarkering for Ukraina 24.2.23. Introsenteret gjekk for første gong under eiga fane i 17. mai-toget (med fane laga av deltakarane våre). Andre eksempel er markering av morsmålsdagen, FN-dagen, kunstprosjekt, samarbeid med Frivilligsentralen om språkkafe og fadderordning m.m.

Vi har også eit tett samarbeid med dei andre flyktningtenestene i Hallingdal (Flyktningforum i Hallingdal) og NAV (samarbeidsavtale om introduksjonsprogrammet, samt samarbeid om etablering, økonomi og arbeid).

Særlege utfordringar vidare

- Det er utfordrande med langsiktig planlegging i ein bransje prega av lite kontinuitet og stabilitet.
- Mange flyktningar med mellombels opphaldsløyve. Det er krevjande for den einskilde, men også med tanke på planlegging av vårt tilbud. Kor langsiktig skal vi tenke?
- Endra demografi blant flyktningar frå Ukraina. Det kjem fleire eldre/pensjonistar og fleire med helseutfordringar. Det er ikkje alle som vil komme i jobb.
- Eit stort tal busettingar legg press på mange tenester og område i kommunen. Vi må spele på lag for å halde oppe det positive blikket, og for å sjå moglegheiter framfor utfordringar.
- Små og få klasserom til norskopplæring. Vi nyttar Skålen fast til ei stor gruppe, og har også leigd to klasserom utanfor huset for å få plass til alle.

Årsmelding Hallingdal leirskule

Avdeling

Hallingdal leirskule

Ansvarsområde: 2060

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Tom Vegar Magnetun

Rekneskap

▼ 2060 Leirskule	1 194 971	0	1 386 000	86,22	191 029	-500 897
▼ 2021 Grunnskule	1 194 971	0	1 386 000	86,22	191 029	-500 897
> 10 Løn inkl sosiale utgifter	3 116 636	1 650 000	2 736 000	113,91	-380 636	1 848 761
> 11 Kjøp av varer og tenester som inngår i k	112 216	0	300 000	37,41	187 784	2 805
> 14 Overføringer	27 772	0	75 000	37,03	47 228	0
> 17 Refusjoner	-2 061 653	-1 650 000	-1 725 000	119,52	336 653	-2 352 463

Kommentarar til rekneskap 2023

Me har nokre grunnar til att dette budsjettet har gått i minus:

- Utbetaling av feil lønn gjennom fleire år for Elin Blixhavn og Espen Nørsterud. Denne lønna har fekk dei no utbetalt før sommaren 2023.

- Manglande lønn for fleire leirskuleveker i 2022 for Tom Vegar Magnetun. Dette vart utbetalt før jul 2023.
- I tillegg har det vore satt ein for låg sats på refusjonen pr elev i frå kommune. Dette har oppvekstkontoret og rektor tatt tak no og fått justert opp prisen pr elev for 2024.

Fråvær på avdelinga

Langtidsfråvær: 0%

Korttidsfråvær 0,59 %.

Totalt fråvær i 2023: 0,59%

- Me har veldig lite fråvær på vår avdeling. I og med att me berre er 3 stk på jobb så veit me jo att viss ein av oss er borte blir det vanskeleg å få gjennomført eit godt opphald for dei elevane som er på besøk. Dette har jo og gjort til att dei av oss som har barn svært sjeldan er heime ved sjukdom på ungane våre. Det er det då den andre parten som då må ha tatt. Eg vil og si att me har eit godt arbeidsmiljø hos oss og det og gjer jo til att me har lite fråvær.

Året som gjekk

- Året 2023 var eit fint år på Hallingdal leirskule. Me hadde besøk av ca 1800 elevar. Dette er gode tal og ikkje minst mykje og god reklame for Ål. Me på leirskula føler me er flinke til å inkludere alle elevane som kjem, og me er og veldig opptatt av att alle skal oppleve meistring i ei eller anna form når dei er på besøk. Me har og fått ordna opp i feil løn for dei tilsette dette året og me har og fått tatt tak i og sett ein rett pris på kostnaden pr elev for dei som kjem på besøk. Ifrå 1 aug har me jo og fått eigen rektor. Det er veldig positiv for leirskula att me har ein leiar som er til stades heile tid. Me har og jobba med å kunne få på plass ein person til til leirskula. Og frå og med hausten 2024 vil me få inn 1 person til i ei 50% stilling. Det vil ha mykje å seia for å kunne drive med andre typar aktivitetar og ved sjukdom på personalet så har me ein person å setje inn. Med ein person til så vil me og sikre oss att me held oss innanfor arbeidsmiljølova med tanke på arbeidstida.

Særlege utfordringar vidare

- For rektor sin del: det å kunne delta på kurs, og møter som er relevante for å kunne gjera ein god jobb. Dette har vore vanskeleg å kombinere no i år, når me kun har vore 3 tilsette. Reknar med at det blir betre med ein tilsett til.
- Få tak i nye skular som vil kome til Hallingdal leirskule på vinteren. Me har ei kontrakt med Sandefjord kommune som går ut 31.07.25, og dei vil mest sannsynleg byrje å sende elevane sine til leirskular som ligg nærare som Knattholmen og Aarholt tunet. Sandefjord har hatt mange veker med elevar på vinteren hos oss og desse må me no jobbe for fylle opp att. Dette er jo ein jobb som Topcamp tek seg.

Årsmelding Ål Kulturskule

Avdeling

Ål Kulturskule

Ansvarsområde: 2050

Sektor: oppvekst

Resultatansvarleg: Iris Almås Tangeraas

Oppsummering

Ål Kulturskule har 194 unike elever fordelt på 260 elevplassar. Pr. 01.10.22 har vi 35 elevar på venteliste. Disiplinar: dans, slagverk, song, piano, hardingfele, fiolin, gitar, kveding, toradar, bass, kontrabass, visuell kunst, yoga, sceneteknikk og digital musikkproduksjon. Kulturskulen har 11 lærarar (inkl. rektor) i hovudsak i deltidsstillingar. Kulturskulen i Ål tilbyr 1804 årstimar til våre elevar på eit år. Danseundervisninga er nok hovudgrunnen til at me ligg såpass høgt. Skulen har også hatt eit høgt aktivitetsnivå på dei andre disiplinane, og tilbyr eit breitt spekter av aktivitetar innan kunst, , yoga, og musikk. Rektor administrerer også Den kulturelle skulesekken i kommunen og er fast styremedlem i Ål musikkråd. Ål har ansvaret for fordjupingstilbodet for dans i Hallingdal. Dette er ein regional fordjupingsstrategi som er ein del av rammeplanen for kulturskulen og ein viktig del talenttilbodet for dei vidarekommande elevane.

Rekneskap

Liste: H grp ansvar - Ansvar - Teneste - H arts - Art ...	Rekneska...	Budsjett 2...	Budsjett i...	Avvik%	Avvik i NOK	Regnskap ...
ALLE	2 714 515	2 900 000	3 066 000	88,54	351 485	2 714 515
2 Oppvekst (2)	2 714 515	2 900 000	3 066 000	88,54	351 485	2 714 515
2050 Musikk- og kulturskule	2 714 515	2 900 000	3 066 000	88,54	351 485	2 714 515
3831 Kulturskule	2 714 515	2 900 000	3 066 000	88,54	351 485	2 714 515
> 10 Løn inkl sosiale utgifter	3 425 946	3 713 000	3 829 000	89,47	403 054	3 425 946
> 11 Kjøp av varer og tenester som inngår i k	536 053	267 000	367 000	146,06	-169 053	536 053
> 13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter k	31 660	0	0	0,00	-31 660	31 660
> 14 Overføringer	43 730	80 000	80 000	54,66	36 270	43 730
> 16 Salgsinnt	-936 798	-980 000	-980 000	95,59	-43 203	-936 798
> 17 Refusjoner	-386 076	-180 000	-230 000	167,86	156 076	-386 076

Denne oversikta er ein sum av drift kulturskulen (3831) og Den kulturelle skulesekken (936).

Kommentarar til rekneskapen

Ål kulturskule har eit relativt stort mindreforbruk i 2023. Det skuldast to vakansar. Disse stillingane blir lyst ut i 2023.

Elevtalet har gått noko opp på slutten av året, men fleire av gruppene går med minus då dei ikkje har fulltalelege klassar. Foreldrebetalinga er lågare enn budsjettet. 880 000kr ligger i budsjettet men manglar -270 487 kr for å gå i balanse. Dette er grunna ein generell nedgang i elevtalet i Ål kommune.

98 760,10 kr er overført frå 936 DKS til 2024.

Investeringar som er gjort i perioden

Kulturskulen ingen investeringar i 2023

Særskilde hendingar i 2023

Vi har hatt mange produksjonar i 2023: Sundreball, faste konsertar på Ål helsesenter, Folkemusikkveka, stor felles sommarfest med framsyningar i Sprang og Storesal, Kinoens dag, FN-dag, NMH+ÅKS, Aladdin og Jul på Sundre for å nemne noko. Vi er spesielt glade for praksissamarbeidet med Norges Musikkhøgskole. 18 studentar frå musikk faglærarar utdanninga og to lærarar frå NMH vore på Ål i veke 45. Dei har undervist våre elevar, hatt konsertar på skule og aldersheim og på Ål kulturhus, til stor glede og begeistring for store og

små. Vi har fått mange nye elevar frå Ukraina dette året og har fått kjenne ekstra på kor viktig det er med dans, song og musikk. Vi er takksame for å få spele ei positiv rolle i ei sårbar tid for mange.

Hallingdal Dansekompani er fordjupingsprogrammet til dans i Hallingdal og drives av ÅKS. Programmet er fyldig og elevane får verkeleg arbeide med kremen av nasjonale dansekunstnarar på ulike kurs i samarbeid med Sprang. I høst blei 12 dansarar tatt opp etter audition til å følge vårt fordjupningsprogram.

I 2022 starta talentprogrammet Ung Musikk med Arild Jensen som prosjektleiar. Stillinga ble dekt av Ung Musikk og gjer gjev oss blant anna tilgang til Norges Musikkhøgskule sine talentprogram. Vi har hatt fleire samlingar dette året og vi ser at det motiverer og løfter nivået på musikken i kulturskulen. Dette tilbudet blir ikkje viereført grunna budsjettkutt i overgangen til ny Fylkeskommune.

Kulturskulen er særskilt stolt av kulturstipendvinnar Tøri Medgard Skår og Guro Lappegard som fekk utdelt pris, stipend og ros framfor kommunestyret i desember.

Særskilde utfordringar i 2023 og tida vidare

Kulturskulen på Ål ynskjer å være aktuell og attraktiv. Ein stor del av å drive kunst og kultur for born og unge er å gje plass til individet i sterke fellesskap. Å sjå og akseptere heile mennesket, arbeide styrkebasert, med det som driv og motiverer elevane. Oppvekst 2030 handlar mykje om medverknad og inkludering frå dei vi er til for. Vi har eit særskilt fokus på å halde og rekruttere fleire gitar i kulturskulen. Sceneteknikk og musikkproduksjon er eit døme på tiltak som fungerer godt. Vi ser fram mot arbeidet med Oppvekst 2030 i åra som kjem – det ber allereie gode fruktar.

Rammeplanen vår “Mangfald og fordjupning” skal revideres på nasjonalt nivå i 2024 – vi er med i innspelsrundane.

Heilt konkret er det fleire saker å ha fokus på i tillegg til det store bildet.

- Setje inn tiltak som både på kort og lang sikt kan halde dei gode pedagogane i kulturskulen
- Kompetanseheving på musikkundervisninga - særskilt samspel og klasse-leiing

- Ta vare på talenta og solistane blant elevane – produsere Ung Musikk tilbod utan fylkeskommunen
- Vidareutvikle fordjupingsprogram for dans og musikk i Hallingdal, på Ål
- Få fleire gitarar inn i kulturskulen – oppstart av band/samspel med ny musikkpedagog
- Arbeide for meir undervisning i folkemusikk og dans på Ål, særskilt på hardingfele og toradar.
- Samarbeide med ny “folkemusikkoordinator” om strategi for folkemusikk og dans på Ål og i Hallingdal
- Arbeide vidare med Kulturskule 3.0 og *Kulturskule for alle*.
- Kulturskulen har det siste året hatt meir fokus på undervisningsmetodikk og gruppeundervisning, og lærarar treng ei generell kompetanseheving på nye metodikkar.
- Revidering av ny nasjonal rammeplan.